Rune Stangeland
er vinnar av Pilt-Ola prisen 2026

Juryen si grunngjeving:

Årets vinnar av Pilt-Ola prisen driv ei verksemd som har røter tilbake til 1854, til ei tid då Pilt-Ola ennå levde.

Rune Stangeland vidareførar familiebedrifta, som han fekk ansvar for som 18-åring, og utviklar den stadig vidare. Med Joker-butikken og Lysefjorden Marina har han skapt arbeidsplasser, møteplasser og eit viktig servicetilbud for lokalbefolkningen.

Men han gjer også mykje som går langt utover det ein vanlegvis forventar av en kjøpmann. Han er eit medmenneske med eit stort hjarte for dei rundt han. Han skaper aktivitet, opplevelsar og liv i lokalsamfunnet.

Gjennom mange år har han våga å ta risiko og arrangert konsertar og kulturarrangement i Forsand, med kjende artistar som Vamp, Postgirobygget og Bjørn Eidsvåg.

Han har óg arrangert den årlege fiskekonkurransen for familiar, i samarbeid med Forsand Jeger- og Fiskeforening, med premiar og aktivitetar. Dette er tiltak som skaper fellesskap og gjer at folk møtes på tvers av alder og interesser.

Rune Stangeland ser moglegheiter der andre ser avgrensingar. Han vågar å satsa, og han gir seg ikkje. Han er med på å halde ei lita bygd levande, utvikle eit lokalsamfunn og utvikle Lysefjorden som destinasjon.

Rune Stangeland er ein verdig vinnar av Pilt-Ola prisen 2026.